



Opplæringskontoret for  
Indre Hordaland

# ÅRSRAPPORT 2022

Opplæringskontoret for Indre Hordaland

---



### **Verksemda si art og lokalisering:**

Verksemda er godkjend for opplæring av lærlingar i desse faga:

<b>Fag</b>	<b>Fag</b>
Anleggsmaskinførarfaget	Industrimekanikarfaget
Anleggsmaskinmekanikarfaget	Service- og administrasjonsfaget
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Logistikkfaget
Betongfaget	Målarfaget
Bilfaget, lette køyretøy	Murarfaget
Billakkerarfaget	Produksjonsteknikkfaget
Bilskadefaget	Reiselivsfaget
Byggdriftarfaget	Reservedelsfaget
CNC-maskineringsfaget	Salsfaget
Elektrikarfaget	Trelastfaget
Ernæringskokkfaget	Tømrarfaget
Helsearbeidarfaget	Yrkessjåførfaget
IT-driftsfaget	

Opplæringskontoret for Indre Hordaland har medlemsbedrifter i kommunane Voss, Ulvik, Vaksdal, Modalen og Aurland. Kontoret ligg på Voss.

I 2022 fekk vi ingen nye medlemsbedrifter. To medlemsbedrifter er utmeld, Johnstad Maskin AS og PostNord AS. Voss Bilsenter AS blei kjøpt opp av Biltunet Voss AS våren 2022. Soleis tre færre medlemsbedrifter. Antal medlemsbedrifter pr. 31.12.2022 er 50.

### **Styret**

Styret har i 2022 vore sett saman slik:

Styreleiar: Trude Kvarekval Lydvo

Styremedlemer: Bjarte Vines (nestleiar)

Svein Inge Styve

Trond Nordpoll

Inge Arild Lirhus

Kjell Harald Fenne

Varamedlemer: 1. vara: Hanne Burkeland Lie

2. vara: Petter Ringheim

Personleg vara for skuleverket: Leif Johan Mandelid

### **Valnemd**

I valnemda sit: Per Loven (HMV Bilsenter AS), leiar  
Øyvind Kristiansen (Motorservice Voss AS)

### **Sekretær**

Sekretær for styret er dagleg leiar, Randi Ulleland.

### **Styremøter**

I tillegg til årsmøtet 27. april, vart det halde tre styremøter i 2022. Saker som har vore tekne opp: generell drift av kontoret, tilsetjing av opplæringskonsulent, arrangement for utdeling av fagbrev, samarbeid med lærebedriftene, skular, næringsliv, Fagopplæringa med fleire.

## Aktivitetar ved kontoret

Aktiviteten ved kontoret har vore konsentrert om basisoppgåvene:

- rekruttering/formidling av lærlingar og lærekandidatar
- signere lærekontrakter og foreta oppmelding til fagprøve
- oppfølging av lærlingar saman med fagleg leiar ute i bedriftene
- formidle informasjon om kursverksemd og teoriundervisning
- utbetaling av tilskot til lærebedrifter
- drift av kontoret, rekneskap, administrasjon, formidling
- marknadsføring
- rekruttering av nye medlemsbedrifter, jobbe mot auke i talet på lære plassar
- samarbeid med Fylkeskommunen, Rettleiingstenesta, lærebedriftene, vidaregåande skular, OT/PPT, NAV, kursarrangørar
- informasjon om lærlingordninga ut i skulane og bedrifter
- samarbeidsprosjekt med NAV og opplæringskontora i Odda og Norheimsund
- samarbeidsmøter med dei to vidaregåande skulane på Voss og Fylkeskommunen ved Rettleiingstenesta og OPK.

## Kurs – teoriopplæring

I august starta den årlege teoriopplæringa for elektrolærlingar på Voss, med 6 deltakarar.

I september starta teorikurs i bilfaget i Bergen, med 2 deltakarar frå Voss.

Nokre lærlingar fylgjer anna programfagleg teoriopplæring i lærlingeklasse i Bergen.

## Korona pandemi

Korona-pandemien hadde ei ny smittebølge i januar-februar 2022. Dette medførte at Opplæringskontoret måtte flytta den planlagde utdelinga av fagbrev frå ultimo januar til ultimo mars. Medførte elles ikkje endringar i fagprøvetidspunkt osv. sidan det ikkje blei innført strenge restriksjonar.

Fagprøver har blitt gjennomført som normalt dette året, og ingen av lærlingane har dette året vore permittert grunna pandemien.

## Antal lærlingar

I 2022 blei det teikna 36 nye lærekontrakter, mot 40 året før. 25 lærekontrakter blei avslutta. I tillegg blei 4 kontrakter heva ved einigheit. Ved utgangen av året var det 82 løpande lærekontrakter. På same tid i 2021 var talet på lærekontrakter 72.

## Antal lærlingar

År	Antal lærlingar
Desember 2022	82
Desember 2021	72
Desember 2020	66
Desember 2019	61
Desember 2018	70
Desember 2017	69
Desember 2016	60



## Beståtte fagprøver lærlingar/praksiskandidatar 2021

Fag	Fagprøver	Kvinner	Menn	% kvinner	% Menn
Barne-og ungd.arbeidarfaget	6	5	1		
Betongfaget	1		1		
Elektrikarfaget	6	2	4		
Helsearbeiderfaget	7	5	2		
Idrettsanleggsfaget	1		1		
IKT-servicefaget	1		1		
Industrimekanikarfaget	2		2		
Reiselivsfaget	1		1		
Tømrarfaget	1	1			
<b>Totalt</b>	<b>26</b>	<b>13</b>	<b>13</b>	<b>50</b>	<b>50</b>



### Fordeling

Av totalt 26 nye fagarbeidarar, var 50% kvinner og 50% menn. Det er ein oppgang på 10% kvinneandel i forhold til 2021. Flest fagprøver blei avlagt i helsearbeidarfaget, elektrikarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.

### Bestått

Alle lærlingar bestod fagprøven.

## Beståtte fagprøver praksiskandidatar 2022

Fylkeskommunen har endra sine rutiner for utsending av fagbrev. Opplæringskontora får ikkje lengre tilsendt fagbrev til praksiskandidatar. Vi har difor ikkje oversikt over talet på praksiskandidatar som tok fagbrev i 2022.

## Hevingar

Fire lærekontrakter vart heva i 2022, alle ved einigheit mellom lærling og lærebedrift.

## Framleis drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om framleis drift. Rekneskapan for året viser overskot på kr 809.601 etter finansinntekter. Det fremjast som eiga sak på årsmøte i 2023 at overskotet ikkje betalast ut til medlemsbedriftene, men setjast av til dekking av løn for nyttilsett i 100% stilling i 2023.

Eigenkapitalen er redusert frå kr 2.048.712 pr. 31.12.2021 til kr 1.858.313 pr. 31.12.2022. Dette grunna kr 1.000.000. av eigenkapitalen vart utbetalt til medlemsbedriftene i 2022, jfr. årsmøtevedtak om ekstraordinær utbetaling. Årets resultat er overført til eigenkapitalen. Det vert stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades.

## Arbeidsmiljø

Dagleg leiar Randi Ulleland er tilsett i 100% stilling. Frank Helle var tilsett i 80% engasjement som opplæringskonsulent tom. mars måned. Det har ikkje førekome skader eller ulukker for tilsette. Arbeidsmiljøet i selskapet er å sjå på som godt.

### Likestilling


Verksemda har ein kvinneleg tilsett. Styret består av 5 menn og 1 kvinne, pluss sekretær. Talet på kvinnelege styremedlemer gjekk ned med ein i forhold til 2021.


### Ytre miljø


Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø. Verksemda har rutiner for kildesortering av avfall.

Årsrapport 2022 er godkjend i styremøte 07.03.2023.


Opplæringskontoret for Indre Hordaland  
Organisasjonsnummer 975 844 846

  
Trude Kyarekval Lydvo (styreleiar)

  
Inge Arild Lirhus

  
Svein Inge Styve

  
Bjarne Vines (nestleiar)

  
Trond Nordpoll

  
Kjell Harald Fenne